



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 OSLO

Høgskulen i Volda

Postboks 500  
6101 Volda  
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:  
Joplassvegen 11  
6103 Volda

postmottak@hivolda.no  
www.hivolda.no

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
13/4160-	15/01446-2	Johann Roppen, jr@hivolda.no	30.03.2016

## Høyringsvar: Forskrift om rammeplan for femårige grunnskulelærerutdanningar

Vi viser til invitasjon til å kome med høyringsvar i brev frå Kunnskapsdepartementet av 21. desember 2015.

Høgskulen i Volda (HVO) støttar namnet som Rammeplanutvalet brukte på utdanningane i sitt framlegg. Vi trur at bruk av «lektor» i nemningane vil vere med å styrke statusen til utdanningane.

Høgskulen i Volda støttar utviding av grunnskulelærerutdanningane til 5 år. Vi er meir usikre på om det nødvendigvis er ei god løysing at alle lærarstudentar skal skrive ei mastergradsoppgåve. Eit alternativ løp utan den sterke faglege spissinga, vil kunne gje lærarar med breiare kompetanse og truleg vere med på å styrke rekrutteringa. Vi er nøgde med at ein har valt å halde på dagens trinninnretning.

Kommentarar til dei ulike paragrafane:

Der ikkje anna er spesifisert vil kommentarane gjelde begge utdanningsløpa.

### §1 Virkeområde og formål

Vi finn her formuleringa «helhet og sammenheng mellom fag og fagdidaktikk, profesjonsfag og praksis» noko fleirtydig: Strukturelt verkar formuleringa å dele opp elementa i utdanninga på ein måte slik at praksis i hovudsak blir knytt til profesjonsfaget, ei inndeling vi ikkje kjenner att i resten av planen. Teksten bør endrast for å sikre mot ei slik misforståing.

### §2 Læringsutbytte

#### Kunnskap.

5.strekpunkt forslår vi endra til:

- har inngåande kunnskap om barns utvikling, læring og danning i ulike sosiale, **religiøse og interkulturelle** kontekster og om hvordan kunnskapen kan anvendes for å tilpasse opplæringen i alle elevers forutsetninger og behov

6. strekpunkt forslår vi endra til:

- har kunnskap om barn i vanskelige livssituasjoner, herunder kunnskap om **rasisme, mobbing, vold** og seksuelle overgrep mot barn,.....

## Ferdigheter

Strekpunkt 2 forslår vi endra til

- kan på faglig **og verdimelessig** grunnlag arbeide for å utvikle og lede inkluderende, kreative, trygge og helsefremmende læringsmiljøer der opplæringen tilpasses ulike elevers behov og fører til gode faglige, sosiale og estetiske læringsprosesser

## Generell kompetanse

Vi er godt nøgde med at forskrifta legg opp til at institusjonane må lage ein plan for progresjon i både nynorsk og bokmål. Dette vil krevje at også andre fag enn norsk må arbeide med språket.

Vi ser det som problematisk at ein kan søkje fritak frå vurdering i ei av målformene på 1-7-løpet (§6). Eit slikt vedtak vil i praksis seie at vi utdannar lærarar som etter lova ikkje kan undervise på begge målformene. På den andre sida ser vi at samfunnet treng lærarar med minoritetsbakgrunn, og løysinga må difor vere å styrke språkopplæringa.

## § 3 Innhald og struktur

Høgskulen i Volda ynskjer å peike på fire område som uroar oss når det gjeld forslaget som ligg føre. Det gjeld:

- Masterfaget
- Spesialpedagogikk
- Namneendring frå «pedagogikk» til «profesjonsfag»
- RLE som del av pedagogikk

## Masterfaget

Den nye lærarutdanninga skal vere på masternivå. Der skal studentane mellom anna gjennomføre eit eige forskingsarbeid i eitt av fagområda dei har studert. Vi stiller spørsmål ved og er uroa over at studentane ikkje kan skrive ei masteroppgåve med tema frå pedagogikk eller frå profesjonsfaget. Det er eit signal om at dette fagfeltet si rolle og funksjon i lærarkvalifiseringa ikkje er særleg høgt vurdert. Studentane må skrive masteroppgåva i skulefag, og den skal vere skule- og praksisrelevant.

Konsekvensen er at dei ikkje kan ta opp sentrale pedagogiske tema som: læringsmiljø, mobbing, spesialundervisning, læring, motivasjon, fleirkulturelt arbeid, trivsel, leiing, samarbeid, foreldre, psykisk helse, ADHD, kameratskap, skulelovgiving, skulehistorie, skuleskyss, fådelte skular, opne skular, skulen

som organisasjon, skulesystemet, HMS og alt anna som vedkjem elevar, foreldre, politikarar, lærarar, undervisning og skule, og som ikkje er spesifikt knytt til skulefag.

Konsekvensen av den nye modellen for lærarutdanning vert ein lærarstand som er mindre budde på alle dei varierende og utfordrande oppgåvene i skulen. Dette bekymrar oss.

### **Ny lærarutdanning og spesialpedagogikken si rolle**

Ei utfordring skulen alltid vil stå over for er at nokre elevar vil ha behov for ekstra hjelp og støtte. Ein stor del av dei som arbeider med desse elevane er lærarar med omfattande tilleggsutdanning i spesialpedagogikk. Forslaget til ny grunnskulelærarutdanning ser ikkje ut til å gje opning for å halde fram med den ordninga. Slik vi les forslaget, er det berre rom for eit skulerelevant fag (t.d. spesialpedagogikk) på 30 studiepoeng i begge utdanningane. Det tyder at det opplegget som har vore sidan 1961 no blir avvika. Den handla om at lærarar kunne ta spesialpedagogikk vidareutdanning og kvalifisere seg til å arbeide med spesialundervisning i skulen på lik linje med dei som ville kvalifisere seg vidare i undervisningsfaga.

Måten vi har kvalifisert lærarar til spesialundervisning på til no har fungert positivt. Det har vore ei vellukka ordning og det har vore ei populær ordning. Mange har nytta seg av ho. Og ikkje minst, det har vore ei fagleg god ordning. Å kombinere allmennpedagogikk og fagutdanning med omfattande spesialpedagogisk innsikt har gitt skulen viktig kompetanse, og vore positiv for spesialundervisninga. Det er nettopp denne kombinasjonen mellom det allmenne og det spesielle som er særprega for norske spesialpedagogar, og som skaper dei kvalitetane spesialundervisninga har.

Så har denne ordninga vore eit godt ideologisk grep. Den har ført til at skiljet mellom det allmenne og det spesielle i skulen ikkje har blitt for stort. Vi har unngått det som var situasjonen før 1975, at det vart eit stor skilje mellom ordinær opplæring og spesialundervisning, og mellom dei lærarane som arbeidde med spesialundervisning og dei som ikkje gjorde det. Dei som har arbeidd med spesialundervisning har i stor grad også arbeidd med ordinær opplæring. Det har gitt dei ei omfattande innsikt i organisasjon, kultur og arbeidsformene i skulen. Og det er kompetansar som er viktige både i førebygging av vanskar og i spesialundervisninga.

Forslaget som no ligg føre bryt dette mønsteret. Signala om dette har vore der lenge. Departementet har gitt signala i samband med den fireårige grunnskulelærarutdanninga, og gått mot fagmiljøa. Vi meiner det er alvorleg og det er nærast oppsiktsvekkjande at det kan skje utan nærare drøfting og avklaring. Skal dei komande grunnskulelærarane ta utdanning i spesialpedagogikk tilsvarende ei mastergrad, må dei først ta ei mastergrad i eit skulefag, og deretter i spesialpedagogikk. Det kan ta inntil to ekstra år, om den ordninga som eksisterer i dag skal først vidare. Det er lite sannsynleg at mange vil gjere det. Alternativet er eit reint spesialpedagogisk profesjonsstudium på bachelor og masternivå. Det kan skje, og med konsekvensar som har vore uønskte i vår utdanningstradisjon. Det vil gje for få med denne kompetansen. Og det vil føre inn ein heilt annan kategori personale i skulen. Eit personale som manglar generell skulekompetanse, og som har mindre legitimitet og kunnskap til å gjere det som er hovudutfordringa på feltet: å gjere all opplæring så god som råd er. Vi er også uroa for

dei ideologiske konsekvensane dette kan føre til når det gjeld haldningar til elevmangfaldet og normalitetsbegrepet.

Det skal ikkje så mykje til for å halde fram i det sporet vi har vore. Det er berre å opne for at det er mogleg å bygge ein master i spesialundervisning på profesjonsfaget og praksisen i grunnskulelærarutdanningane.

### **Pedagogikkfaget**

I høyringsutkastet foreslår Kunnskapsdepartementet å endre namn på pedagogikkfaget i grunnskulelærarutdanninga frå «pedagogikk og elevkunnskap» til «profesjonsfag». Denne namneendringa støtter vi ikkje. Vi trur at endringa vil innebere ei avgrensing i synet på pedagogikkfaget. Profesjonsfaget eksisterer i dag ikkje som sjølvstendig studiefag ved noko universitet eller høgskule, medan pedagogikk er tradisjonsrikt og eit tilbod i høgare utdanning. Dette ber dermed bod om ei stor omvelting. Det alvorlege er at endringa ikkje er argumentert for. Det forskingsmessige grunnlaget for namneskiftet er heller ikkje trekt fram. Endringa vil og vere eit uheldig signal som kan bidra til uklarheit og svekka forståing for at alle faga i utdanninga bør vere profesjonsretta. Vi ser heller ingen fagleg logikk i å bruke nemninga «profesjonsfag» når det i nemnte høyringsutkast vert sagt at namneendringa ikkje er meint å innebere substansielle endringar i høve pedagogikkfaget. Dersom det ikkje er snakk om substansielle endringar, er det heller ingen grunn til å skifte namn. I eit fagleg-akademisk perspektiv er det urimeleg at ei eksplisitt fagleg endring skal skje på bakgrunn av administrative og byråkratiske vedtak.

### RLE som del av pedagogikkfaget/ profesjonsfaget

Forskrifta slår fast at for å styrke lærarkompetansen i et fleirkulturelt og fleirreligiøst samfunn skal kunnskap om religion, livssyn og etikk utgjøre en modul tilsvarande 15 studiepoeng integrert i elevkunnskapsdelen av profesjonsfaget.

Det er klart ulike oppfatningar om dette grepet i dei ulike fagmiljøa ved Høgskulen i Volda.

### **Institutt for pedagogikk:**

*RLE må gjerne verte ein obligatorisk del i lærarutdanninga, men å kople det direkte til profesjonsfag er kunstig, og eit kraftig og uvanleg politisk inngrep i det faglege grunnlaget for utdanninga.*

*Rammeplanutvalet foreslo i si innstilling for 5-årig lærarutdanning at namnet for faget skulle vere «pedagogikk», og at dei 15 poenga RLE skulle «innbakast» i pedagogikkfaget. Sjølv om ein kan stille spørsmålsteikn også ved det siste resonnementet, har dette altså vorte skjerpja i Kunnskapsdepartementet sitt endelege forslag – noko som kan oppfattast som at pedagogikkfaget i verste fall vert redusert med ein fjerdedel. Dette stiller vi oss svært kritiske til. Vi vil også peike på at krava til kompetanse i utbyteformuleringane er svært ambisiøse på områda som gjeld pedagogikk, og som ikkje er naturlege for skulefaga å arbeide med. Det er vanskeleg å sjå korleis ein kan møte dei, samstundes med at omfanget i pedagogikkfaget blir redusert.*

*Brei forskning viser at gode lærar-elev relasjonar, godt psykososialt miljø og god trivsel er essensielt for fagleg læring og skuleprestasjonar. Fagleg kunnskap og didaktisk kompetanse hos ein lærar er med andre ord nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg for å skape god læring. Vidare er kunnskap om spesialundervisning, skulen som organisasjon og samarbeid med hjelpetenestene og foreldre avgjerande kunnskap for lærarar for at dei skal kunne gje alle elevar eit godt opplæringstilbod basert på systematiske og systemretta tiltak. I tillegg kjem kunnskap om kognisjon, motivasjon, skulejuss og skulehistorie. Ingenting av dette er spesifikt knytt til skulefag, og noko som berre pedagogikk kan gi studentane integrert, brei og utfyllande kunnskap om. Ei styrking av pedagogikkfaget er difor naudsynt slik vi vurderer det.*

### **Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag:**

*Det fleirkulturelle og fleirreligiøse er nøkkelutfordringar i skule og samfunn i dag. Difor er det viktig at kunnskap om dette blir inkludert i lærarutdanningane.*

*Ein eigen modul med eigne studiepoeng vil synleggjere og vektlegge dette på ein heilt annan måte enn om ein prøver å integrere dette kunnskapsområdet i andre kunnskapsområde innanfor profesjonsfaget. Vi forstår «eigen modul» som 15 stp. med klart definert pensum. Erfaringane frå noverande GLU-utdanningar viser at fagmiljøa i RLE har fått delta svært lite i PEL-faget. Difor meiner vi at det må vere ein uttrykkeleg føresetnad at fagfolk med forskingskompetanse i RLE får ansvar for denne modulen. Jf. § 1 i forslag til forskrift heiter det at GLU-utdanningane skal tilby forskingsbasert utdanning. Ein modul på 15 stp. i profesjonsfaget bør gje relevant kulturkompetanse i høve til religiøst og livssynsmessig mangfald og grunnleggande etisk kompetanse som grunnlag for yrkesetikk og skulen si verdiformidling. Dette inneber t.d. fleirkulturalitet, religionskritikk, medborgarskap, menneskerettar, tilhøvet mellom religion og samfunn, skulehistorie, barn si etiske og religiøse utvikling, dessutan fritaksreglar på religions- og livssynsmessig grunnlag, barn og faste, og høgtidsmarkeringar. Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag meiner at det er viktig å tydeleggjere pedagogikkfaget i lærarutdanningane. Samtidig bør fagnamnet vise at dette faget ikkje berre inneheld pedagogikk og foreslår «Pedagogikk og profesjonskunnskap» som nytt fagnamn.*

### **Seksjon for drama og teater:**

*Vi er opptekne av at pedagogikkfaget framleis skal ha elevkunnskap som ein del av sitt ansvarsområde. Det bidreg til å gjere studieområdet pedagogikk meir konkret og elevfokusert, noko som er viktig i ei lærarutdanning som har som ambisjon å vere erfaringsbasert, heilskapleg og integrert i høve undervisningsfaga, fagdidaktikken og ulike praksisarenaer. Vi tilrår å halde på namnet «pedagogikk og elevkunnskap». Samtidig vil vi foreslå å styrke læraren sin kunst- og kulturkunnskap Dette kan skje ved at den foreslåtte 15 stp-eininga til «kunnskap om religion, livssyn og etikk» får 10 studiepoeng og at eit supplerande emne, «dramapedagogikk», får 5 studiepoeng. Disse to emneområda har store mulegheiter (og tradisjon) for å berike kvarandre og vil bidra til å styrke lærarutdanningane sin intensjon om å vere dannande og førebuande for fleirkulturelle utfordringar.*

Ut over dette støtter seksjon for drama og teater høyringsuttalen som er sendt frå Høgskolen i Bergen, senter for kunst, kultur og kommunikasjon.

**Praksisomgrepet**

I sosialarbeidarutdanningane (sosionom og barnevern) nyttar ein omgrepet «praksisstudium» i staden for «praksis». Tanken bak dette er følgjande:

Som omgrep tydeleggjer det studenten sin posisjon i læringsprosjektet som aktiv og medansvarleg person også i denne delen av studiet. Omgrepet «praksis» er upresist i denne samanhengen m.a. fordi det femner mykje vidare enn omgrepet «praksisstudium» og er såleis mindre eigna til å presisere ein viktig læringsform i studiet.

Omgrepet «praksisopplæring» som er brukt i forslaget til rammeplan, peikar mot ei meir passiv studentrolle som kanskje i liten grad er i samsvar med dei ambisjonane som ligg i den nye lærarutdanninga.

Vi ber om at ein vurderer om ein heller bør bruke omgrepet «praksisstudium» inn mot lærarutdanningane også.

**§ 5 Nasjonale deksamemar**

Vi stiller oss kritisk til at forskrifta opnar for gjennomføring av nasjonale deksamemar. Nasjonale deksamemar vil legge uheldige føringar på samordning av emneplanar og pensum. Erfaringane frå forsøket med nasjonale deksamemar i matematikk dette studieåret viser så langt at mistilliten til høgskulane var ugrunna.

Med helsing

Johann Roppen  
rektor

Arne Myklebust  
dekan